



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
15.05.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/1421 451.0  
Dykkar referanse  
«REF»

Til:  
Adresseliste

### Utllysing - Kulturlandskapsprisen Hordaland 2018 - Tema «bratt areal og andre driftsvanskar»

Kulturlandskapsgruppa i Hordaland ber om kandidatar til Kulturlandskapsprisen for 2018.

#### Tema 2018: Bratt areal og andre driftsvanskar.

I tillegg blir det lagt vekt på at ein tek vare på heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet når det gjeld biologisk mangfald, kulturhistorie, kulturminne, bygningsvern, landskapsoppleving eller tiltak mot ureining.

#### Premie

Prisen er på kr 50 000,- samt eit diplom.  
I 2018 blir prisen delt ut av Fylkesmannen.

#### Frist for innsending av forslag: onsdag 30. mai 2018.

Vi ber om at forslaga vert sendt elektronisk til  
Øyvind Vatshelle, sekretær for kulturlandskapsgruppa:  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) / [fmhooyv@fylkesmannen.no](mailto:fmhooyv@fylkesmannen.no)

#### Kven kan nominerast

Prismottakar kan vere enkeltpersonar, fleire gardsbruk, organisasjonar, bygdelag og andre.

#### Forslag til kandidatar

Kommunar, faglag, rådgivingstenester og andre blir invitert til å komme med forslag. Ein kan fremje eitt eller fleire forslag til kandidatar. Forslaget skal vera i form av skrifteleg omtale, og i tillegg foto eller annan dokumentasjon. Dersom det ikkje kjem inn kvalifiserte forslag kan Kulturlandskapsgruppa sjølv foreslå ein prisvinnar eller la vere å dele ut prisen.

#### Jury

Juryen for prisen er Kulturlandskapsgruppa i Hordaland som er sett saman av representantar frå Fylkesmannen sine landbruks- og miljøvernavdelingar, Hordaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, kommunane i Hordaland ved Fitjar kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

## **Invitasjon og markering**

Kåring vert gjort i innan utgangen av september. Markeringa skal haldast lokalt hjå prisvinnaren. Det vert lagt opp til eit enkelt arrangement i samarbeid med vinnarkommunen.

## **Målsetting**

Kulturlandskapsprisen skal vera ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Prisen skal bidra til å setja fokus på dei verdiar og kvalitetar som ligg i kulturlandskapet og arbeidsinnsatsen som ligg bak. Prisen kan delast ut kvart år og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommunen.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi: kulturlandskapsgruppa i Hordaland

Adresseliste:

Kommunane i Hordaland  
Hordaland bondelag  
Hordaland bonde- og småbrukarlag  
Norsk Landbruksrådgiving Vest  
Hordaland sau og geit  
Naturvernforbundet Hordaland